


Kyrkjetonar



"Høyr! Du skal bli med barn og få ein son, og du skal gje han namnet Jesus.

Han skal vera stor og kallast Son til Den høgste. Herren Gud skal gje han kongsstolen til David, far hans.

Han skal vera konge over Jakobs hus til evig tid, og det skal ikkje vera ende på kongedømet hans."

Lukas 1, 31-33

Framsdebiletet:
Kveldens siste solstråler treff ei kristtorngrein.
foto: Ståle Hustoft

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

VIPPS-nummer: 523083

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kvardagskristen

Når eg skriv dette er det «siste søndag før advent». Lysa er tent på grana på tunet og eg er i julestemning etter å ha jobba med julenummeret av Kyrkjetonar ei veker tid.

Spør om julestemninga varer heilt til jul, eller om det blir meir mas enn kos med alt som skal rekkast før jula.

Det tok ikkje mange timane frå Noreg opna opp etter koronanedstenging, til møte-innkallingane rann inn og kalender vart full.

Eg likar kvardagane best. Dei trufaste, grå dagane med faste vanar og daglege gjeremål. Arbeidsbukse, kaffekopp og bleieskift. På dei grå dagane glimrar gullkorn frå ungene sterkast, stjernehimmlen når eg må innom fjaset lyser klårast og dei små glimta med ro er stillast.

I 1916 skreiv Matias Orheim salma «Kvardagskristen vil eg vera». Å henga med i kvardagane kan vera travelt nok, men det gjer godt å roe ned nokre minutt. Nokre gonger blir det morgonandakten i hørselvernet, andre gonger må ein skrue av radioen i bilen for å finna ro på veg til eit styremøte.

Men ingenting slår kveldsbøna på sengekanten med ungene. Faste og kjende ord som gir tryggleik for både ungar og meg:
«Me ber for alle dei i verda som er sjuke, redde og leie seg. Må Du hjelpa, trøsta og passa på dei.»

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta 21. november

redaktørens hjørne

Gje meg ikkje ein Gud innpakka i silkepapir som blir henta fram til sølvbestikk og orgelbrus

Eg treng ein kvardagsgud som toler å bli rufsete i kantane som er der dei dagane når middagen blir ei skive i handa og som veit kven eg er utan filter

Sigrd Voster/@diddibomm

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn
Tor Egil Eriksen
Mobiltelefon: 404 00 686

Sokneprest Nedstrand sokn
Dag Tormod Milje
Mobiltelefon: 934 15 401

Sokneprest Førresfjorden sokn
Gjermund Lygre
Mobiltelefon: 934 93 520

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim

Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle

Menighetspedagog Eli Kolstad

Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide

Menighetspedagog Kari Undheim

Organistar
Johannes Støle
Steinar Alvsaker
Bergfrid Seibt

Kyrkjevevje
Tysvær kommune: Eva Birkeland
Mobiltelefon: 950 51 038
Bokn kommune: Jan Magne Moi
Mobiltelefon: 913 59 668

Administrasjonssekretær
Katrine Eide

Kyrkjetonarar
Odd Grønnestad: 52 74 84 03
Gunn Elisabeth H. Ertenstein: 976 18 216
Eva Keller: 936 75 972
Steinar Sælevik: 404 84 981
Karoline Landro

Jubileumsfest på Stemnestaden

tekst Kørner Høie/foto Kørner Høie og Ståle Hustoft



Lørdag 6. november var det duka for jubileumsfest på Stemnestaden. Bursdagsfest på dagtid og festmiddag om kvelden.

75 årsjubilaranten framstår ung og sprek, og det var liv og høg stemning i pølsekøen og isbaren. Soul Children frå Vindafjord og Etne deltok på samlinga.

Raud løpar og fyr i bålpanna møtte dei 180 gjestene som kom til fest på kvelden. Leiarane Aud Hoftun og Gjermund Lygre slo an ein festleg tone heilt frå starten.

Ordførar Sigmund Lier følgde opp med ein fin gratulasjon frå kommunen og overrekte eit bilete som dagleg leiar Bodil Høie takka hjerteleg for.
- Dette biletet skal me finne ein fin plass til, sa ho.



- Gå ut på hovudvegane og innby til den store festen, var regionleiar Thomas Thesen sin bodskap til folket, då han hadde kveldens tale.

Songerane Janne Kristine Eng, Solvor K. Sundfør og Bjarne Andreas Kallevåg leia songane som var henta frå fleire tidsperiodar. Forsamlinga kasta seg på då dei song: Jesus is the answer for the world today.

Det framkalla mykje latter då Kjersti Bjerga drog i gong ein uhøytideleg quiz. Jan Magne Moi vart ein klar vinnar.

Middag, kakebord og gjensyn med mange frå Haugalandet og Ryfylke sette folk i ein fin feststemning.

Elise Frønsdal Øien understreka i intervjuet sitt at Stemnestaden fyrst og fremst er ein leirplass. Ho slo eit slag for dagens leiar og poengterte kor viktig det er at dagens barn og unge får møte den glade bodskapen. Ho oppfordra også forsamlinga til å sende barnebarn på adventleirane.

Må lyset leia oss til Jesus

av Biskop Anne Lise Ådnøy

Tenner du lys i adventstida? I haust vart eg merksam på artisten Anna-Lisa Kumoji. Ho fortel om krevjande år etter ei livstruande ulukke og andre vonde hendingar. Bodskapen hennar er at sjølv om livet kan gje tunge og mørke erfaringar, vil det alltid finst eit lys. Og at viss du ikkje finn det lyset: Be om hjelp.

Lyset kan bera oss gjennom mørketida. Trygve Hoff set ord på noko eg kjenner meg igjen i. Gud er der og ser oss, sjølv om det er mørkt. «Du ser oss i mørketidslandet. Du signe med evige ord husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.»

Lys er eit viktig symbol i fleire religionar og livssyn. I den kristne jula er det lyset frå Jesus som skin for oss – og kan skina i oss. Av og til kjem trua til oss på uvante vegar. Ein ateist fortel at då han las i Johannes-evangeliet om Ordet som vart menneske, då «var det som nokon skrudde på eit lys, så han kunne sjå ting klart for første gong».

Me har bak oss ei tid me kjem til å huska. Kva var det me sakna då samfunnet stengde ned? Sjølv om eg fekk forkynna på ulike kanalar, sakna eg å sjå lyset i andre sine auger. Den levande forsamlinga med smil og tårer kan ikkje erstattast av gode sendingar på skjerm. Kan lyset frå skjermene våre av og til vera meir i vegen enn til hjelp?

I tida fram mot den store feiringa av han som er lyset for verda vil eg tenna lys og møta andre ansikt til ansikt.

Kven har du som vert glad av å sjå deg? Er det nokon som treng at du tenner eit lys for dei?

«I'm beginning to see the light» syng namne-systema mi Anna-Lisa. Må Gud late sitt lys skina over oss og leia oss til Jesus, heilt enkelt.



Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, før føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria.
(Matteus 2,9-11)

Med ynskjer om ei signa adventstid

på kyrkjebakken



Solveig, 7 år

Min egen vei - fra Mao til Gud

av Bjørg Rørtveit

Søndag 31.oktober besøkte Tania Michelet, eldste dotter av Jon Michelet, Nedstrand kyrkje i samband med BLEST Litteraturfest. Ho tok utgangspunkt i boka si : «Min egen vei - fra Mao til Gud».

På slutten av 60-og starten av 70talet sto ml-bevegelsen på sitt sterkaste i Norge, og det var frå denne tida me fekk høyre ei gripande og sterkt personlig forteljing om oppvekst i ein ateistisk familie og eit miljø der ml-bevegelsen og deira kampsaker og ideologi var det som sette dagsorden og prega alle valg.



Oppveksten hennar var også prega av oppbrot i familien, flytting, nye relasjonar og lite stabilitet. Etterkvart også av at mora tok sitt eige liv då Tania var 13.

Då vart faren ei viktig støtte, og ho kaller han for ein god, tilstedeværande far,- ein «høvdingfar». Men den religiøse lengselen ho heile tida kjente på var det ikkje lett å dele med nokon, sjølv om den vart oppmuntra av mellom anna stebestemora. Familien elles såg på religiøse som uopplyste.

Tania følte trua og felleskapet med dei kristne som ein tilfluktsstad, men det vart likevel ein lang og komplisert prosess inni henne, der ho levde som skapkristen gjennom store deler av vaksenlivet. Først når faren døydde i 2019 følte ho seg fri nok til å våga å stå fram og la seg døype.

I dag er Tania aktiv i menighetslivet heime i Moss, og ho har engasjert seg i kyrkjepolitikken, i Åpen folkekirke og er også innvalgt i Moss menighetsråd og Borg bispedømmeråd.



Etter eit gripande foredrag vart det opna for spørsmål frå dei ca 70 frammøtte i kyrkja, og det vart ei flott stund med dialog og utveksling av tankar.

Ein minnerik kveld i regi av Nedstrand kyrkjeforum og BLEST Litteraturfest i Tysvær.

Takk også til Oddvar Helgeland som sette stemninga ved å spele nydelig versjon av "Nærmere deg min Gud" på sologitar som opning.

Kampen om Vikingskipet

24. september var over 100 speidarar samla til årets store happening og konkurranse; Kampen om Vikingskipet. Her ser vi mange av dei samla til andakt, boller, kakao og premieutdeling utanfor Bokn bedehus.



Kick-off i Tysvær sokn

19. september var det Kick-off-samling for barnarbeidet i Tysvær sokn. Her ser vi familien Jørgensen i aksjon på den store familiekonkurransen.

GO'KVELD i Aksdal kyrkje 9. februar kl. 18.00 Inngang kr.100,-

MARKUS EVANGELIET

Christian Stejskal forteller Evangeliet etter Markus fra Det Nye Testamentet uten manuskript.

Markus evangeliets 16 kapitler om Jesus' liv og virke kan deles inn i rundt 90 korte fortellinger, assimiler og lignelser. Forteller, fotograf og fiolinist Christian Stejskal har reist på kryss og tvers i Midtøsten og gått i Kristi fotspor og fotografert det kulturelle landskapet i Israel, Jordan og Egypt på leting etter 90 Bibelske motiver som illustrerer Markusevangeliet 16 kapitler.

Opplev Markusevangeliet fortalt utenat med korte innslag av egenkomponert musikk spilt på fiolin, og satt sammen med 90 sort/hvitt fotografier vist på billedskjerm.

CHRISTIAN STEJSKAL
fiolinist, fotograf og historieforteller
e-post: christianstejskal@live.no
hjemmeside: christianstejskal.com



Vår jul

av Dag Tormod Milje

**Julekonsert i Nedstrand kyrkje
søndag 19. desember kl. 20.00**

Vi samles om julens budskap i sang og musikk.

Solist blir Ruben Espelid
Kvelden ledes av Arne Myskja.

Orkester: Lars Johannes Liknes orgel og piano, Oddvar Helgeland, gitar, Anders Lunde, bass, Arne Helgesen, trommer og Jarle Lunde, gitar.

I tillegg har vi med våre dyktige lokale sangere: Jorunn Sande Baustad, Ingrid Hustoft Landro, Åsne Breidablikk Hustoft og Ingrid Skogvold.

Billetter kr 150 kan kjøpes på forhånd ved hjelp av Vipps (Arrangement Nedstrand sokn) Bruk Vipps# 137350 og skriv navn på meldingslinje.
(Barn under 15 år gratis)



Odd Grønnestad viser at putene er slitt.

Nye puter

av Jan Magne Moi

Det er tid for å skifte putene i kyrkjebenkene på Bokn. Putene har gjort teneste i veldig mange år, men no er dei både falma og svekka av tidens tann.

Neste år er Bokn kyrkje 175 år. Soknerådet ynskjer hjelp frå boknarane til å kjøpe nye puter. Viss mange er med, trur eg me skal greie få dette til.

Bokn kyrkje er listeført, så det er strenge reglar for farge og andre endringar. Soknerådet har difor funne eit godt stoff som er nesten identisk med det som ligg frå før.

Å skifte så mange puter er dyrt. Målet for innsamlinga er 50.000 kroner.

Vil du vere med? VIPPS 88450 merk «puter», eller bank 3373 07 02537

Frivillig i Aksdal kyrkje?

av Meike Baumgart

Vil du eller din gruppe være med og ta ansvar for kirkekaffe i Aksdal?

Førresfjorden menigheten skal være et trygt og inkluderende sted hvor det skal være godt å komme både i flokk og alene.

Alle er velkommen til å bli med på kirkekaffe etter gudstjenestene. Kirkekaffen har som mål å være et samlingspunkt for alle, både store og små. Her serveres det kaffe, te og saft, og er du heldig diskes det kanskje også opp med ei kake eller fem.

For nye folk i menigheten er kirkekaffe en ypperlig anledning til å hilse på andre kirkegjengere. Ser du noen som ikke har noen å prate med, gå bort og si «hei» da vel!

For å opprettholde dette hyggelige fellesskapet, trenger menigheten flere som kan ta ansvar for å stelle i stand kirkekaffe. Å være ansvarlig for kirkekaffe innebærer å sette på kaffe, dekke til, rydde av og ta oppvasken. Har du/dere lyst å bake er det veldig kjekt, men ikke et must. Ved å være med på å lage til kirkekaffe er dere med å gi kirkegjengerne en ekstra god søndag.

Er du interessert i å være med på dette, eller vil gjerne ha litt mer informasjon? Da er du velkommen til å ta kontakt med Meike i menighetsrådet (meike.baumgart@gmail.com)



Vellykka Go`sangkveld

av Liv Jorunn Frønsdal

Søndag 3. oktober vart det arrangert Go`sang kveld i Aksdal kyrkje. Dette er eit arrangement i regi av kulturutvalet i Førresfjorden menighet, og var den første av fleire planlagte Go`sang kveldar.

Go`sang er ikkje ein konsert, men ein kveld der alle deltek i allsongen. Organist Johannes Støle har samla eit Go`sang band, og bandet fann sjølv på det passande namnet «Kamferkameratane». Saman med forsangarar som leia allsongen blei dette ein flott kveld med dei nærare 100 framtrøtte. Tema for denne kvelden var gospel, og leiar av kulturutvalet knytta det heile saman med bakgrunn for dei ulike songane, artistane og komponistane.



Bilde over: Denne gjengen danna band og forsangar-gruppe, samt lyd under Go`sang i Aksdal kyrkje. Framme frå venstre: Anita Weltzin, Kristin Lønning Sjursen, Grete Fjeldheim Vestbø, Berit Ninni Fjeldheim og Kjetil Østebøvik. Midten frå venstre: Ståle Berge, Birger Førre og Dan Jørgen Eide. Bak frå venstre: Johannes Støle, Pål Sjursen, Øystein Østebøvik og Lars Røthe

I januar er det klart for ein ny Go`sang kveld. Denne gongen blir tema songar frå Sigvart Dagsland og Bjørn Eidsvåg. Ut frå tilbakemeldingane frå sist Go`sang håpar kulturutvalet at enda fleire finn vegen til Aksdal kyrkje for ein kjekk songkveld.

Vi synger julen inn
Aksdal kyrkje
Frødag 10. des. kl. 19.00



Aksang/Boknakoret: Under leiing av dirigent Anne Tove Øvrebø over dei to kora saman for å skape god førjulsstemning.

One Way: Ten-sing koret i Aksdal kyrkje vert dirigert av Helen Sirnes og tel i dag 12 songarar og har eige band. Dei gler seg til å opptre med sine songar.

Rustne Horn: Ein gjeng med vaksne musikantar med base på Førland er klare for å spele juletonar på sine messing-instrument. Dirigent er Lars Johannes Liknes.

Alva Espeset Hamnøy: Alva er 15 år og kjem frå Frakkagjerd. Ho er eit ungt sangtalent som skal bidra med solonummer og som solist for Aksang/Boknakoret.

Det vert også allsang med kjente og kjære julesongar.

Arrangementet er gratis.

Arrangør: Kulturutvalet i Førresfjorden menighet

Bursdagsfeiring på julafta

av Liv Jorunn Frønsdal

Berta Frønsdal frå Aksdal er glad i julehøgtida. Det skuldast nok ein kombinasjon av innhaldet i julebodskapet og at ho fyller år på sjølvaste julafta.

Det var julafta i 1943 og familien Skeie i Sandeid var klar for å feire julafta. Det var midt under andre verdskrig, men med fin julepynt, julegåver og lukta av god julemat var det likevel klart for julekvelden. Men denne julafta skulle bli litt annleis enn vanleg. Berta hugsar sjølv sagt ingenting av denne dagen, men har blitt fortalt av sine eldre søsken at ho slett ikkje var ei velkommen julegåve. -Det kan eg godt forstå, seier Berta. Mine eldre søsken var 2, 4, 6, 10 og 12 år og var i ein alder der dei gleda seg stort til å feire jul. Berta fortel vidare at mora fødte heime i stova, og søskena vart sendt til besteforeldra i kårhuset. - Dei var sinte og tykte eg øydela jula for dei, ler Berta. Ho er blitt fortalt at ei tante som var hjå besteforeldra hadde sitt fulle strev med å underhalde søskena slik at dei ikkje skulle gå heim å forstyrre i fødselen. Dette gjorde tanta blant anna ved å pakke inn vedskier slik at dei fekk fleire julegåver å pakke opp.

Sinne over at Berta øydela julafta for sine søsken gjekk fort over, og ho vart tatt vel imot. Det var ikkje sjølv sagt at det skulle være barneselskap når ein var født på julafta. Berta kan kun huske at ho hadde ei feiring i løpet av barndommen. - Eg meiner det var når eg fylte 7 år, seier ho. Det var invitert til feiring på dagtid, men dei fleste venene hadde det særst travelt med å komme seg heim for å feire julafta i sine egne heimar, minnes Berta.

I vaksen alder har det blitt markering på dagtid ved at barn og barnebarn kjem og et graut saman med ho og mannen Osvald.



Berta har vore søndagsskulelærer i over førti år, og rundt tretti av desse åra på Grinde bedehus. Det er derfor svært mange som vaks opp i Grindeområde frå sytti til nittitalet som veit kven Berta er.

Om det er felles fødselsdag med Jesus som var årsaken til spørsmålet skal være usagt, men for nokre år sidan gjekk ei nabodame på Garhaug tur med sonen sin og gjekk forbi huset til Berta og Osvald. Då peika guten opp mot huset og spurte mora «er det der Jesus bur?»



Bilde over: Berta hugsar godt den eine julafta ho fekk ha barneselskap.

På spørsmål om kva ho hugsar frå barndommens jul tenkjer Berta først og fremst mora si omsorg for at alle skulle ha det bra i jula. - Mor var eit arbeidsjern, og i jula gjorde hu seg ekstra føre med dyrestellet, og sørga også for at dyra fekk litt ekstra mat på julekvelden.

Berta minnes også at det var mykje baking og at det skulle vaskas i alle rom og krokar. -Når det gjeld julegåver kan eg ikkje hugse at me fekk noko penger til å kjøpe presangar på eiga hand, seier Berta. - Mor var svært opptatt av at presangar skulle vera nyttige, og eg trur ikkje ho turde å la oss borna få ta oss ut på eiga hand meg gåvekjøp.

I Sandeid starta ikkje butikkane med julepynt før desember. -Då var det stor stas å kunne gå bort til dei tre butikkane i sentrum og kikke på juleutstillinga i vindauga, minnes Berta. -Eg hugsar når hurtigbåten frå Stavanger la til kaien i Sandeid på julafta. Då spelte gutemusikken for å lage ekstra julestemning for dei som kom heim frå Stavanger og skulle til Sandeid og Ølen for å feire jul. To av brødrene mine spelte i gutemusikken, medan me jentene ikkje fekk lov å være med i korpset, fortel ho vidare.

Til julemiddag var det tradisjon å ha torsk. -Sidan far var fiskar var dette ein vanleg middagsrett heime hjå oss, seier Berta. - Men på julafta fekk me meierismør til å ha på grauten på dagtid og til å ha på torsken til middag, og då vart det skikkeleg jul.

Berta er glad i å pynte til jul, og i leiligheten i Alvanutlia vert det pynta med nærare 70 englar. - Eg er svært glad i jula, og eg set pris på å kunne tilbringe høgtida saman med mine næraste, avsluttar Berta.

Julefeiring på stranda

Minner frå Durban i Sør-Afrika.

av Tor Egil Eriksen

I åra 1987 til 1995 var familien i hamnebyen Durban på austkysten av Sør-Afrika. Vi var misjonærar og arbeidde i ein indisk township (bydel) som heitte Phoenix. Sidan Sør-Afrika ligg på den sørlege halvkula var det full sommar då det lei mot jul. Det vart ei feiring full av til dels gode motsetnader frå det me var vande med heimanfrå.

Skulane hadde to månader med sommarferie. Det var avslutning i november med julespel og julesongar – litt vel tidleg med øving på julesongar i byrjinga av november for oss. På kjøpesentra ljoma det ut over høgtalarane med «I'm dreaming of a white Christmas» og andre julesongar der snø og kulde var sentrale element. Jula var veldig britisk/amerikansk og lite tilpassa Afrika og sommar.

Sommar i Durban er varm og fuktig med luftfuktigheit rundt 80% på særskilte dagar. Eg var nesten alltid sveitt – eg visste ikkje om eg burde dusje eller nett hadde hatt ein dusj! Så jul var tida for badebasseng eller bad på dei kvite sandstrendene i Durban – einaste som kunne minne om «white Christmas».

Temperaturen i Det Indiske Havet som Durban ligg ved var rundt 25 grader – ein kunne ligge og plaske så lenge ein ville! Og grunna luftfuktigheita var det nesten nausdynt å finne eit basseng – det kunne vere hjå gode vener eller i eit offentleg.

Juledag var den store festdagen i kyrkja – veldig fint om me starta kl 0800, då unngjekk me den verste varmen og dei fekk heile dagen i lag med familien. Med barna i nye flotte klede og feiring i lag med familie etterpå.

Det kjekkaste var kanskje at me gjekk «carol-singing» i vekene før jul. Då var mange i kyrkjelyden med og song utanfor husa til folka som hørde til i kyrkjelyden vår, naboane deira og andre som me kjende til. Det var alltid stor stas! Det var og store skilnader på kor mykje pengar folk hadde, og me samla inn pengar og kjøpte mat og laga pakkar som vi delte ut til dei me visste hadde lite.

I familien vår prøvde me dei fyrste åra på å bake julekaker og eit år laga me peparkakehus. Men den store luftfuktigheita var eit problem. Huset stod i 30 min før det vart mjukt og falt saman. Tørre julekaker vart aldri særleg lenge tørre, og ein chipspose måtte du eta med det same – om ikkje forsvann crispen. Me prøvde oss med stearinlys og, men dei hadde bøyd seg i varmen før me kom så langt som til å tenne dei.

Etter kvart vart det nokre nye tradisjonar for oss. Julafta samla me ulike vener til «norsk» julefeiring. Me samla vener frå ulike stader: tysk misjonær-familie, indiske vener frå kyrkjelyden, ein familie av zuluar – det vart ein god blanding av folk med ulik bakgrunn som apartheidsystemet hadde forsøkt å hindre at skulle finne saman. Me åt steikt aure (pinnakjøtt var umogleg å få fatt i), gjekk rundt julebusken og hadde ei gåve til kvar familie. Dette gjorde julaftan kjekk og meningsfull.

Durban var full av turistar i jula, men juledag var dei fleste heime. Så då kunne familien dra på stranda. For dei andre dagane kunne det vera heilt fullt langs strendene. Å liggja å duppa i 25 graders vatn gjorde at me kanskje ikkje sakna 5 grader og regn og sludd frå nord og mørke, mørke og meir mørke like mykje. Og deretter var det tid for å reise på sommarferietur.

Julehandel i gamledagar

av Lars Helgeland, ca 1970

Teksten er skriven av Lars Helgeland frå Nedstrand, og henta frå boka «Rogaland i manns minne» Daglegliv ved hundreårsskiftet, Det norske samlaget 1970

Barndomsheimen min ligg i ei lita bygd med berre ni bruk, om lag ei mil frå hovedbygda. I min oppvekster var her korkje veg, kai, telefon eller elektrisk kraft. Skulle ein ha noko sjøvegen, var det å borda båten. Etter kvart laga folk i bygda ein liten kai som har vore i bruk til denne tid. Fyrst for nokre få år sidan fekk me telefon, og sidan både veg og elektrisk kraft. Alt i 1860-åra byrja dei å søkje om veg, så det skulle ta om lag hundre år før det vart alvor.

Det var eit fælt slit ofte, då visst om vinteren når ein skulle til bygdars ærend. Me laut ro over eit vatn, ei halv mil langt, for å koma ned til bygda. Det var ofte meinsis om vintrane, og elles kunne det vera storm så det var uråd å ro. Då var det å ta landevegen fatt, og den var både lang og urudd. Mange stader var det beint fram farleg.

Verst var det når ein trong doktor eller jordmor, og når det var gravferd vintersdag.

Eg hugsar ei gravferd. Det var ein gamal mann frå grannegarden som skulle gravleggjast. Det var meinsis på vatnet og uvanleg høg snø, så det var ikkje råd å køyra. Så gjekk eit par karar av stad for å brøyta så det var lettare for hest å koma fram. Så kjørte dei kista på vedaslede der det gjekk an. Ellers måtte dei bytast åt å bera henne lange stykke.

Ein gong var det to karar som skulle nedover og gjera juleinnkjøp. Det gjekk godt til dei var komne halvvegs på heimvegen. Då var ulukka ute. Dei miste fotfeste i ei kleiv der det alltid var så utsett for is. Dei bar kvar sitt skrin med varene i på ryggen, og skrinen med kaffi, risengryn og litt



av kvart trilla om kapp nedover ura. Den eine hadde eit trekkspel som og for same vegen. Til all lukke kom ikkje karane til skade og kom heilskinna heim. Men all den kostelege julematen var faren sin veg.

Julekrybbefigurane under oppussing

Kunstnar Irene Stålesen og Janne Eide tok initiativet til å "ta advent tilbake" - og saman med lag, skular og enkeltpersonar blei stallen satt opp og figurane skapt i 2003.

Kvar søndag kl. 17.00 i advent er der ei kort samling der ein set inn nye figurar. Krybba inne i kyrkja blir borte ut i stallet - som er ekstra lyst opp-etter julaftan-gudstenesta.





I dag er det født dere en frelser.
I dag er det fødd dykk ein frelsar.
Luk 2,11

Etter original frå Norsk Søndagskoleforbund



Etter original frå Norsk Søndagskoleforbund

KyrkjeNÆR

tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR



Julekrybbeverkstad i Nedstrand og Skjoldastraumen er i gong. Her ser du bilete av julekrybba som 5 åringane skal bruka to samlingar på å laga.



Undretur med 3 åringane i Nedstrand kyrkje



Haustakkefest og samling for 2.klassingane i Førresfjorden



7. klassetreff: "Min digitale verden"



Etter skoletid

Vi var veldig glade da vi kunne starte opp Etter skoletid igjen i høst, og har tatt imot 73 medlemmer fra 5.-7. klasse.

Hver onsdag er det full aktivitet på hele huset. Vi har samlingsstund i kirkerommet, spiser sammen, og driver med sang, idrett, forming,

håndarbeid, spill, leksehjelp og ut på tur. Vi har det rett og slett skikkelig kjekt sammen!

I høst gleder vi oss ekstra over fire nye ledere, og at vi snart kan innvie nytt sløydrom helt på toppen av kirken.



Er det flere som har lyst til å hjelpe oss noen onsdager? Ta kontakt med Terje Fjeldheim eller Kari Undheim (92808103)



Glimt frå **babysong** i Nedstrand/Skjoldastraumen og Tysværvåg/Bokn.





Aktivitetsdag på Stemnestaden
 Misjon var temaet på aktivitetsdagen på Stemnestaden 20.september. 9-åringar frå Bokn og Tysvær hadde ein kjempeflott dag, med Mali-landsby, padling, forming, leik og fellessamlingar.



4-årssamling i Bokn kyrkje
 Kyrkjetonar nr. 4 - 2021

Aktivitetsdag for 3.klasse
 Måndag 24. januar er det fridag på skulane. Då inviterer Kyrkjenær i Tysvær sokn til aktivitetsdag for 8-åringar (3.klasse), der temaet er «Diakoni.»
 Sett av dagen, og meld på 8-åringane når invitasjonen kjem. Midt på dagen inviterast pensjonistar og andre som er heime til lunch saman med borna.



I september feira vi **hausttakkefest** i kyrkjelydane våre. Her ser vi nokre bilete frå ei fantastisk Hausttakkesamling i den frodige hagen til Sigrunn og Arne Hosaas på Bokn og hausttakkefest i Tysvær kyrkje.



4-årssamling Førresfjorden



4-årssamling i Skjoldastraumen



Undreturar i haust.
 Det var veldig kjekt å sjå og høyre når kantor Bergfrid spelte på orgelet og viste fram orgelpipene. Her frå Tysvær kyrkje og Bokn kyrkje.



Misjonsmesse på Førre bedehus

tekst: Hartvig Waage

Tradisjonen tro ble det også i år misjonsmesse for NMS i Førre, lørdag 13. november. På messa er det salg av grøt, kaker og annet godt. Et bord er fullt av salgsvarer, forskjellig deilig bakverk, syltetøy, strikkevarer og annet håndtverk.

Det meste ble solgt ut, og bakverket forsvant først. På årsalget (to omganger) ble mye fint loddet ut. Populære var de mange kassene med frukt, snop og annet godt. Hovedtrekningen hadde også mange fine gevinster.

Her var det solgt lodd i forkant på Extra Frakkagjerd, facebook og annet for ca. kr 25000. Sluttresultatet nærmet seg kr 60000 til misjonens viktige arbeid!



Roar Vik fra NMS talte om Jesus som mettet mange i ørkenen med 5 brød og 2 fisker. Han fikk poenget godt fram både for små og store. Den lille gutten sitt bidrag fikk bety mye.

Bilde over: Hovedtrekningen er i gang
Bilde til venstre: Josef Nilsen.
Bilde nede til høyre: Skjermbildet med «Din rikssak» har som bakgrunn kirka som Josef Nilsen var med å bygge for mer enn 100 år siden.

En fast sang på Misjonsmessa er «Din rikssak Jesus». På skjermen hadde denne teksten som bakgrunn kirka som Josef Nilsen fra Førresfjorden var med å bygge på Madagaskar på slutten av 1800-tallet. Josef Nilsen reiste ut som misjonær ca. 1880. Hans bilde henger på Bedehuset.

Misjonen har lange tradisjoner i Førre!



Lunsjtreff i Aksdal kyrkje



Aksdal kyrkje, kl. 11.30
Servering av varmrrett + kaffe/kake
Inngang kr.50,-. Årsalg

Datoar våren 2022:


27. januar
24. februar
24. mars
21. april

Glimt fra klubbkveld

i Falkeidhallen med K/M-klubben i Tysværvåg.



Nye, aktuelle bøker




Julehefter:

Dei siste åra har julehefta fått ein renessanse, og kvaliteten på mange av dei er høg. Dei byr på innhald som både er tankevekkande og overraskande, innhald som varmer og varer. Og kanskje gir jula di ein ny dimensjon.

Her vil eg trekke fram tre av dei: Nytt av året er NMS sitt «I de dager» med bidragsyterar som Edvard Hoem, Eyvind Skeie, Levi Henriksen, Bjørn Sortland og Selma Lønning Aarø mfl.

